

RADØY KOMMUNE
Radøyvegen 1690
5936 MANGERDato: 02.07.2019
Vår ref.: 2019/28-23
Saksbehandlar: Bjørg Larsen
Dykkar ref.: 16/2005-19/10564

Sluttutbetaling spelemidler 2019 Balanseline ved Radøy ungdomsskule anleggsnr 60343 - Radøy kommune

Vi har motteke dykkar brev av 27. juni 2019 med oppmoding om utbetaling av løyvde spelemidler 2019 til Balanseline ved Radøy ungdomsskule.

Vedlagt følgde ferdigattest og sluttrekneskap, stadfesta av kommunerevisjonen.

Radøy kommune fekk tildelt kr 46 000,- til Balanseline ved Radøy ungdomsskule. Revidert sluttrekneskap var på kr 92 939,-. Spelemidler vert betalt ut med inntil 50% av prosjektet sin totalkostnad for nærmiljøanlegg, med ei øvre grense på kr 300 000,-.

Etter dette kan vi melde om at kr 46 000,- av løyvde spelemidler 2019 vert overført til Radøy kommune over bankkonto 3636 07 00776. Overføringa vert merka; spelemidler balanseline Radøy ungdomsskule.

Vi ber om at de står for utbetaling av løyvinga etter gjeldande reglar.

Klagerett:

Forvaltningslova gjev søkjarar om tilskot frå spelemidlane rett til å klage over det vedtaket som er gjort, sjå Forvaltningslova § 27 tredje ledd og § 28 andre ledd, samt kapittel 7 i føresegnene om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet, V-0732. Klagefristen er 3 veker frå den dagen dette brevet er motteke. Dersom fylkeskommunen ikkje endrar vedtaket som følgje av klaga, skal saka sendast Kulturdepartementet for endeleg avgjerd.

Britt Karen Spjeld
Leiar

Bjørg Larsen
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.